



HARDANGER
FARTØYVERNSENTER



KURSPROGRAM 2020



Instruktør:
Alexander Günther

Pris: 1850,-
Inkl. lunsj

Ta med: Knivar, høvel
og stemjarn

Målgruppe:
Nybegynnarar/alle

Me skal gå gjennom oppsett og sliping av høvel, stemjarn og knivar under profesjonell rettleiing.

Ta med verktøy som treng vedlikehald.

Kurset har til hensikt å skape eit tilbod for lærarar i kunst- og handverkfaget.

Betalings- & påmeldingsfrist: 2. april 2020*

ÅREMAKING

fre. 28-30. aug



Instruktørar:
Peter Helland-Hansen,
Arne Eriksen

Pris: 5900,-
Inkl. materialar og mat

Målgruppe:
Nybegynnarar/alle, men
gjerne noko erfaring
med trearbeid

På dette kurset lærer du å lage dine eigne vestlandsårar i furu under rettleiing av båtbyggjarar. Du blir kjent med åra sine namn, grunnmål og eigenskapar. Vidare korleis me vel ut material, merkar opp og tilverkar årane med tradisjonelle verktøy. Me avsluttar kurset med ein rotur på Hardangerfjorden der me får testa ut dei nye årane.

Betalings- & påmeldingsfrist: 15. april 2020*

REIPSLAGING

fre. 28-30. aug.



Instruktør:

Ingunn Undrum

Pris: 4000,-

Inkl. materialar og mat

Ta med: Kniv

Målgruppe:

Nybegynnarar/alle

Bli med å lær om tau i frå fiber til trosse. Me vil lage tau med ulike teknikkar og i ulike materialar, og ta for oss tema som behandling, vedlikehald og litt historikk.

Du vil sjå på tau med heilt nye auge etter desse dagane!

Betalings- & påmeldingsfrist: 3. aug. 2020*

SMIKURS

fre. 28-30. aug.



Instruktør:

Seppe Lehembre

Pris: 5600,-

Inkl. materialar og mat

Ta med: Vernebriller, hørselsvern, vernesko, smi-hammar, evt. anna verktøy

Målgruppe: Fordel med grunnskapar i smiing

På kurset vil deltakarane få innføring i smiing av skjerande verktøy, herding og anløping. Lag di eiga stikkøks, knivblad, høvelstål eller stemjarn.

NB! Kun 6 plassar

Betalings- & påmeldingsfrist: 3. aug. 2020*

NORDISK GAFFELRIGG-SEMINAR

tors. 24.-27.sept.



NB! Stad:

Holbæk, Danmark

Pris: 3500,-

Inkl. alle måltid og losji
(ombord i fartøya)

Ta med: Eigna klede,
redningsvest, sovepose
og handkle

Målgruppe: Både
nybegynnarar og entusi-
astar

Nordisk gaffelrigg-seminar er i år eit samarbeid mellom Hardanger fartøyvernssenter, Nationalmu-seet i København og Skibsbevaringsfonden.

Påmelding og spørsmål: Morten Hesthammer:
morten.hesthammer@fartoyvern.no

Betalings- & påmeldingsfrist: 1. sept. 2020

KIPEMAKING

tors. 22-25. okt.



Instruktører:

Samson Øvstebø og
Hege Iren Wiken

Pris: 4500,-

Inkl. materialar og mat

Målgruppe:

Nybegynnarar/alle

På kurset lærer du å lage di eiga ryggkipe under rettleiing av erfarne kurv- og kipe-makarar. Du vert kjent med kipa si historie, korleis ein tek ut material og dei ulike mål og arbeidsteknikkar som må til for å skape ei velfungerande kipe.

Betalings- & påmeldingsfrist: 2. okt. 2020*

MARITIMT VERKTØY-SEMINAR

ons. 18.-20. nov. Årets tema: *sliping av verktoy*



Instruktører: Trond Oalann, Johannes Fosse, Peter Helland Hansen, Kasper Krogh Hansen, Ivar Hoflandsdal

Pris: 3000,-

Inkl. materialar og mat

Målgruppe:

Tradisjonshandverkarar

Kvast verktoy er avgjerande for godt handverk. På årets maritime verktoyseminar vil deltakarane ha fokus på sliping av ulike handverktøy. Deltakarane vil få grundig instruksjon i sliping av øks, sag, kniv, navar, høveltann og stemjarn.

Maritimt verktoyseminar er eit årleg arrangement, med skiftande tema. Seminaret vender seg til profesjonelle handverkarar som dagleg arbeider med tradisjonelt verktoy og arbeidsprosessar i båt og bygningar. Seminaret har blitt ein viktig møteplass for tradisjonshandverkarar.

Betalings- & påmeldingsfrist: 2. nov. 2020*



Seminaret er støtta av Riksantikvaren.

Hardanger fartøyvernssenter er eit nasjonalt kompetansesenter for fartøyvern, og mellom dei største fagmiljøa for maritimt tradisjonshandverk i Norden. Hå oss møter du dyktige handverkarar og instruktørar.

.....
Kurskalenderen vår er ei nysatsing i 2020, me gler oss til å dele kunnskapen vår med deg!



INFORMASJON

SPØRSMÅL & PÅMELDING

til Line Kirstine Larsen, formidlingsleiar

E-post: line.larsen@hvm.museum.no

Tlf. +47 479 74 363

Hardanger fartøyvernssenter,
Sandvenvegen 56A,
5600 Norheimsund

Info om betaling og påmelding:

* Ved påmelding betalast 500,- i depositum;
resterende beløp betalast til fristen.

- Me sender ut faktura etter fristen.
- Melder ein seg av *etter* betalings- og påmeldingsfrist betalast halv kursavgift.
- Påmelding må innehalde fylgjande:
Namn kursdeltakar, namn fakturamottakar,
adresse og e-post på fakturamottakar.
- Ved avlysing, i tilfelle av ufortsette hendingar eller for få deltakarar refunderast fullt kursbeløp til deltakaren.
- Overnatting er ikkje inkludert i kurset med mindre anna er nemnt. Ta gjerne kontakt for tips og råd om overnatting i lokalområdet.

Velkomen på kurs!